

Informasjon frå helsekontoret for sommaren 2020:



Ø-hjelp i sommar:

Legekontoret er oppe i heile sommar, men med redusert kapasitet frå 22.06 til 17.08.

I denne perioden vil det ikkje bli sett opp vanlege kontrolltimar, men vi tar imot akutt oppstått sjukdom.

Inga Tho: Ho kjem tilbake til legekontoret, men det er vanskeleg å seie når. Det kjem an på status for pandemien. Inga har i dag rolle som rådgjevar for alle instanser i kommunen på full tid, og dette er ikkje forenlig med pasient arbeid. Men Inga svarer på Digital dialog, e-konsultasjonar innan 5 dagar, dette gjeld og dei andre legane.

Digital dialog er teneste mellom fastlege og pasient som gjer det mogleg med sikker kommunikasjon over internett, e-konsultasjonar utløser faktura.

For å starte Digital dialog gjeng du inn på **helsenorge.no** med BankID, velg fullt samtykke for å åpne Digital dialog.

Om du har åpna den tidligare, må du åpne personverninnstillingane i nettsida og endre det der for at Digital dialog skal virke.

Oversikt over ferie for legane:

Inga Tho:	veke 30, 31 og 32
Parveen Chopra:	veke 27 og 34
Nazia Naqvi:	veke 29 og 33
Turnuslege Misbah Mamood:	veke 31 og 32

Resepter:

Det er viktig at resepter bestilles i god tid (minst tre dagar før) dei skal hentas. Skulebussen slutta å gå fredag 19.06, da er det ikkje mogleg å få sendt medisinar til butikkane i bygdene før skuleoppstart i august. Posten tar ikkje med medisinar lenger. Medisinar må hentes på apoteket.

Fellesliste:

Ved Hjartdal legekantor er fastlegeordninga organisert som fellesliste. Det er definert i Lovdata:

[Forskrift om fastlegeordning i kommunene](#)

Til § 11 Fastlegens listeansvar ved felleslister

Denne bestemmelsen er en videreføring av tidligere fastlegeforskrift § 9 andre ledd.

Første ledd innebærer at en gruppepraksis med fellesliste, har felles ansvar for allmennlegetilbudet til innbyggerne på listen. Ved fellesliste er den formelle tilknytningen mellom listeinnbyggerne og gruppepraksisen, og ikke den enkelte fastlege.

Andre ledd fastslår at de som står på fellesliste skal ha en av fastlegene som sin ansvarlige lege. Den ansvarlige legen har hovedansvaret for journal og oppfølging av personen. Personer på fellesliste kan fremsette et ønske om hvem de vil ha som ansvarlig lege blant fastlegene i praksisen med ledig kapasitet, jf. forskrift om pasientrettigheter i fastlegeordningen § 2.

Fastlegene i gruppepraksis med felleslister har felles ansvar for at alle innbyggere på felleslisten har en ansvarlig lege. Fastlegene i gruppepraksis med felles liste kan sette et tak for hvor mange innbyggere den enkelte fastlege kan være ansvarlig for. Dette taket er ikke nødvendigvis det samme som det taket fastlegen har i fastlegeavtalen med kommunen. Tre fastleger som har organisert gruppepraksisen med fellesliste, kan for eksempel bestemme at to av fastlegene deler på oppgaven som ansvarlig lege. Det forutsettes altså at legene på felleslisten til sammen dekker denne funksjonen for alle personene på listen. Hvis en av fastlegene slutter, må de av personene på vedkommende leges liste, overføres til ny lege eller til en av de gjenværende fastlegene.

Det inneber at det er alle legane til saman som tilbyr allmennlegetenester til dei som står på listene hos oss. Alle pasientar har likevel ein fastlege som har

oppfølgingsansvaret, men kan ved ferie, kurs eller i andre spesielle situasjonar treffe ein av dei andre legane. På same måten vil ein kunna få tilbod om time hos ein annan lege når ein bestiller time same dag og den ansvarlege legen har full liste.

Gravide:

Konsultasjonar som ikkje gjelder graviditeten og forbruksmateriell ved konsultasjonar må dei gravide betale sjølv.

Bruk av materiell ved legekantoret:

Selv om pasientane har frikort må dei betale for bruk av materiell om det er behov for det. Det gjeld EKG, sårskift, fjerning av føflekker o.l Prisen er avhengig av mengde materiell som blir brukt.

Smittevernrutiner:

Det er viktig at vi ikkje slapper av med smittevernrutiner selv om vi ikkje har smitte i Hjartdal. No starter turiststrømmen og da er det ekstra viktig at vi er nøye med å vidareføre desse tiltaka.

Vaske hender og holde avstand til kvarandre er fortsatt aktuelt.

Viktig: Vere heime ved sjukdom til du er frisk og 1 dag til. Vi treng ikkje spre andre type sjukdommar i tillegg.

For viruset er i Norge og i verden og er like smittsomt og sjukdomsskapande som før, og den norske befolkningen er i praksis like **lite** immun som før. Fremover vil det vere fare for oppblussing av epidemien heilt til befolkningen er blitt immun gjennom vaksinasjon eller gjennomgått infeksjon.

Timebestilling: Uansett kva det gjeld er det viktig at det bestilles time per telefon, SMS eller Digital dialog på legekantoret, ikkje berre komme innom. Dette for å unngå for at mange pasientar sitt på venterommet samtidig.

Har du behov for akutt helsehjelp når legekantoret er stengt,

ring **116117** eller ved livstruande sjukdom eller skade, ring **113**.

